




www.voss.kyrkja.no

Nr 3 | 2023 | 82. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



7 BORNAS
SIDER

12 GRØN
KYRKJELYD



MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER

FLEISCHER'S HOTEL
ANNO
1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Neste nummer kjem i vike 26. Frist for melding om stoff er mandag 5. juni.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.
Telefon: 56 52 38 80
www.voss.kyrkja.no
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293



Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse, tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no
Kontorleiar Vibeke Lemme Rasdal, tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal, tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik, tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@kyrkja.no
Diakon Sigrid Djukastein Mala, tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten, tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no
Ungdomsprest Vetle Leksbø, tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no
Kantor Astrid Gjestvang, tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no
Organist Frode Vik, tlf 952 62 084.
Organist Ellen Marie Selland Geithung, tlf 980 64 594.
Organist Edyta Bryk, tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun, tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt, tlf 934 46 884

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik, tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt, tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond Olav Neteland, tlf 957 02 327

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid, tlf 901 36 496

Gravar Vidar Bryn, tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjenytt Randi Kløve, tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og Lene Brunborg

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy, tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert, tlf 954 50 572. E-post hk782@kyrkja.no

Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik, tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe, tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson, tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen, tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida bilet: Åshild Bøe Kharazmi.

S 3: Tom Barrett, Unsplash.com.


Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på www.voss.kyrkja.no

 Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjelunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.





God pinse

Andakt av Anders Hove, tidlegare sokneprest på Voss

For litt sidan sette eg opp nye bokhyller heime. Det er ei med to små ivrige hender her i heimen, som held på å lære seg å stå og å gå, så då dei gamle bokhyllene ikkje så lett let seg ankre i vegg måtte nye hyller opp. Slik kjem det som kunne vere kjekt å gripe etter høgare opp, og ut av rekkevidde for den vesle. Men det ho ikkje rekk opp til, det kan vi ta ned til ho.

Dette er på sett og vis litt det som skjer i pinsa, ikkje at noko blir hengt så høgt at det kjem utanfor vår rekkevidde, heller det motsette: at noko blir gjort tilgjengeleg for oss, at ord kjem til oss. Slik kan den nåde og kjærleik som er frå Gud slå rot og flamme opp i hjarta vårt, og gjeve oss å dele dette med kvarandre.

Trass mitt yrke som prest er eg eigentleg litt introvert som person. Slik sett passar pinsa meg dårleg, for er det noko pinsa ikkje er, så er det ei introvert høgtid. Nei, det er vel den mest utadvente og utovervendte høgtida vi har. Men likevel finner eg min rolle i det, og noko som treff meg. For pinsa handlar om å dele, dele evangeliet, dele av den nåde og kjærleik Gud har for verda - med verda.

Om feiringa denne dagen har sitt utspring i ei hending i historia, er ikkje pinserørsla noko som berre skjedde den gang då, eller

ein gong for året, femti dagar etter påske (for det er det pinse betyr, bokstaveleg). Pinserørsla, at Gud kjem til oss for å gje oss mot, krefter til og glede over å møte andre - og kvarandre - er noko som skjer kvar dag. Gud møter oss i kvardagen vår, der vi er, midt i livet. Men så kan vi løftast ut av kvardagen vår og bli minna om at vi er ein del av noko større: at vi er ein del av meir enn berre det som omgjev oss i kvardagen, og at vi kan vere meir enn det vi trur om oss sjølve.

Høgtidene vi har minner oss om at vi er ein del av noko større, då det er mange rundt om i verda som feirer dei same høgtidene, men pinsa er kanskje den høgtida som minner mest om at vi høyrer til i ei verd, som fortener å erfare den nåde og den enorme kjærleik som er frå Gud. Denne nåde og kjærleik blir openberra for oss i Jesus Kristus, ordet som ikkje vart hengt høgt på veggen, ute av rekkevidde, men som kom midt mellom menneska for å lære oss om kven Gud er. Og då han steig opp til himmelen var det ikkje for å blir borte for verda, men så han kunne vere nær alle stader til alle tider, og dette er pinsefeiringa. At ordet kjem til oss igjen, ved Den heilage ande, som gjev oss ei erfaring av Gud i våre liv, og å dele denne erfaringa med andre.

God pinse

Misjonsprosjektet



Mao Hozo er online!

Tekst: Britt Hernes/Misjonsnemnda

Mao folket, med dei ulike språka sine, er lenge blitt ignorert eller berre ledd av. No har dei fått si eiga nettside. Den vart publisert i mars då språkinformantar frå landsbygda var samla til kurs i Asosa. «No er språket vårt til og med i datamaskina», sa ein av deltakarane, ein eldre bonde frå Dabus-sumpemn. Han var full av ærefrykt og beundring. Også dei andre deltakarane var djupt rørte. Hozo språksida vart publisert med mottoet: «De er jorda sitt salt». Også Mao folket!

Nettsida til Mao Hozo byggjer på eit samarbeid mellom to ulike organisasjonar som også tar kostnaden for drifta. Koordinator for Mao-prosjektet, Oiana Lencha og Klaus-Christian Kuspert frå NMS, har fått god hjelp frå Dave Johnson. Han kom frå California til Etiopia for dette føremålet, å få lagt det ut på nettet. Eit stort steg for eit lite språksamfunn.

Diverre betyr ikkje nettstaden at den brutale diskrimineringa av brukarane er over. Mao-befolkninga i Vest-Oromia blir framleis svært undertrykte. Eigentleg enno meir enn før på grunn av den politiske uroa i området. Mao-språket skal ikkje brukast offentleg. Både barn og vaksne vert mishandla eller fengsla om dei vert mistenkt for å驱ra med «kulturarbeid». Det vil sei å kunna lesa og skriva på sitt eige språk, på nett eller papir.

Det er framleis ein lang veg å gå før Mao-folket blir godkjende som likeverdige borgarar og respekterte som Guds born! Be om at Mao-folket må bli respektert på lik line med dei andre folkeslaga i Etiopia.

Voss kyrkjelyd støtta NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.

A screenshot of the Ak'mo Wandi website. The header is dark green with white text. It features the name 'Ak'mo Wandi' in large letters, followed by 'Doo zaga k'ets'i koshinda bat'á'. Below the header is a navigation bar with links: 'Taalinda bidda', 'Ak'mo wandi bisshi', 'Teendi oobi', 'Taaná bisshi', a search icon, and 'Keli'. The main title 'Ak'mo Wandi' is centered above a subtext 'Itiopiya ubinda wandi'. Below this is a large photograph of two cows grazing in a wetland area. To the right of the photo is a text block: 'Doo digá moo Ak'mo Wandi website. Ak'mo Wanda Mao wandi ubash onno Itiop'iya abdukan.' and 'Zaga taali temmash doo Ak'mo Wandi arí welkenaa ooobi denbi hin hin oobindi zaa temmish wello. Doo Ak'mo Wandi Dikshineri digga welkenaa Ak'mo Wandi biashmora downladi giwamo. Garinda bisshi kaami k'ets'i welkenaa aa bisshi giwa bellin aa miiki mod bellin bibolli.' At the bottom right is the text 'Zaga websiti doosh k'eshindi nuu doosh ark'indi.'

Ei forteljing om fem ikon

Eit minne frå Kyrkjedagane

Under Kyrkjedagane i Fredrikstad sumaren 1993 vart det for første gang helde Thomasmesse i Noreg, i domkyrkja der. Til messa hadde Hege Aasmundtveit frå Fredrikstad laga fem ikon-bilete, dei hang i kyrkjerommet. Ho var ei av våre framste ikon-kunstnarar.

Eit ikon-bilete må herdast med sterke varme i ein omn, før det er ferdig. Då ho tok biletet ut or omnen, var det eine biletet blitt litt øydelagt. Det var eit biletet av Jesu andlet, og huda hans hadde fått små flekker og arr. Han såg ikkje heilt frisk ut. Det var kort tid til messa og ho rakk ikkje å laga eit nytt. Så det hang i kyrkja i lag med dei andre.

Ved Kyrkjedagane i Trondheim i 1997, var desse 5 ikon-bileta, saman med 12 andre ikon, med i ei utstilling i Hospitalkirken, ei fin lita trekyrkje. Det var ei vandre-utstilling som hadde vore rundt i landet, i dei 4 åra siden kyrkjedagane i Fredrikstad. Temaet

for utstillinga var Jesus sitt liv og offer, og hans omsut for si kyrkje på jorda.

Ho som fortalte om biletet, sa at mange hadde kome til utstillingane rundt i landet. Det var særleg eitt biletet som folk hadde stogga ved, og blitt ståande ved ei stund, i tankar. Det var det der Jesus ikkje såg heilt frisk ut. Oftast viser eit ikon eit biletet av Jesus der er alt ved han synest «perfekt». I det eine biletet ser Jesus meir ut som oss, ikkje alltid heilt friske og i alle fall ikkje perfekte.

Så kan ein undra seg over om det var eit uhell med biletet, eller om det var Herren Gud som hadde medverka. Så veit me at det som med våre augo ser mindre fint ut, kan Han bruka til det som er både fint og verdefullt. Siste gang eg såg dei 5 ikona, for om lag 20 år siden, hang dei i Kirkens hus i Oslo, i kapellet inn til venstre for inngangen.

Knut Helge Hernes

Foto: Åshild Bøe Kharazmi





DEN NORSKE KYRKJA

Sokna i Voss



**vil du ha eit
godt råd?**



Trusopplæring i kyrkjene våre



[f Trusopplæringa i Voss](#)


Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.
Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

TÅRNAGENTAR



Det yra av born i kyrkjene våre i mars. Over 60 tårnagentar var på jakt etter kyrkjeskattane som hadde forsvunne. For kven kan vel døypast når dåpsfatet er forsvunne? Og eit altar må jo ha lysestakar til lysa? Åtteåringane var supre agentar som løyste oppdrag som til slutt førte fram til kyrkjeskattane. Dermed var me redda, og gudstenester og dåp kan heretter gjennomførast utan problem. Tårnagentane har løyst mysteria. Sjølv om kyrkjeskattane er verdifulle er det ein skatt som er større. Denne skatten fekk borna sjå oppi ei kiste. Der såg dei nemleg ein spegel, der borna fekk sjå den største skatten til Gud.

T₈ T₉ Tårnagentar i Granvin



For å bli agent må me gjennom ei labyrintløype og hugse passordet



Mange oppdrag må løysast. Dei ulike puslebrikkene fann me i kyrklokka øvst i tårnet.



Tårnagentar bygger marshmallowtårn.
Høgste tårn vinn



Agentoppdrag
miniskrift



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₈ Tårnagentar på Vossestrand



Kims leik.
Me sjekkar sansane våre




T₈ Tårnagentar i Vangskyrkja



Ein god agent må bruka alle sansane sine. Her er det luktesansen som vert testa

PÅSKEVANDRING

Før påske var alle sjuåringane i sokna våre inviterte til påskevandring. Me lærte om, og leika oss gjennom alle påskedagane. Me rei inn i Jerusalem palmesøndag, vaska føter og åt påskemåltidet skjærtorsdag. Me høyrd om krossfestelse og gravlegging langfredag. Heldigvis fekk me vera med på påskefest 1. påskedag, og feire at Jesus stod opp frå dei døde.



T₇ Påskevandring på Vossestrand



"Jesus" rir inn i Jerusalem



Me lærer om nattverden



Skapekross
Me skrapar fram flotte fargar



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₇ Påskevandring i Vangskyrkja




"Jesus" rir inn i Jerusalem



"Jesus" vaskar føtene til venene sine



Me lærer om nattverden



Steinen vert rulla framfor grava

T₇ Påskevandring i Granvin



Me er klare for å vandre gjennom påskehistoria



Larva og løva var med.
Påska rommar olle.



God stemning rundt måltidsbordet i Granvin kyrkje. Me fekk kjeks og juice, men fekk og smake på oblat og vin. Ordentleg nattverd feira me i sjølve gudstenesta etterpå.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



BARNAS

Finn 10 fiskar

I rutenettet gøyer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

– Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
– Kor lenge har du hatt det slik?
– Sidan neste tirsdag.

Vitsar

– Kva kallar ein ungane til ein sau?
– Bæbyar

Finn fem feil!

Her får disiplene masse fisk. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!


Desse oppgåvene er
henta fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



Konfirmantleir

Oppheim og Vinje sokn



Konfirmantane frå Vossestrand hadde konfirmantleir på Hermon høyfjellssenter 14. - 16.april. Dei hadde ei kjekk helg med ski og bading. John Ove Thaule heldt eit interessant foredrag om Linkledet i Torino.

HÅP I EIN DRÅPE VATN

Fasteaksjonen 2023

Tusen takk til alle som var med på Fasteaksjonen før påske. Bøsseberarar, utsendarar, kakebakarar, medhjelparar og ikkje minst alle som har gitt av sine eigne pengar:

TUSEN TAKK!

Her kan de sjå kor mykje som er samla inn i Voss herad denne aksjonen. Dette er nok til at 453 personar kan få reint vatn resten av sitt liv.

Voss sokn og Raundalen sokn kr 90 063,-

Oppheim sokn og Vinje sokn kr 13 782,-

Granvin sokn kr 6 483,-

Evanger og Bolstad sokn kr 8 886,-

Metallressursar og det grøne skiftet

Tekst: Arne Mosefinn

Som alle store skifte gjennom historia, vil også det grønne skiftet krevja meir bruk av mineralske råstoff. Kvar ny tidsalder har som kjenneteikn at nye mineralske råstoff vart tilgjengelege for menneska. Steinalder vart avløyst av bronsealder på same måte som grønn energi vil avløysa fossilt brensel. Råstoff som omtrent ikkje var i bruk for 20 år sidan er i dag heilt nødvendige for den teknologien vi alle nyttar i dag.

Det grøne skiftet vil krevja stor satsing på grøn teknologi. I hovudsak gjeld dette fornybar energi (bioenergi, hydrogen, vatn, vind og sol), betre lagring og mindre tap av energi (batteri og energitransport), mindre forbruk av fossil energi (elektrifisering av kjøretøy, lettere materialar) og avansert og smart teknologi. Dei fleste av desse områda er mineralkrevjande. På lang sikt er det mogeleg å leggja til rette for at ein stor del av dei råstoffa vi treng vert resirkulerte. Likevel vil folkevekst, og velstandsutvikling gje aukande ressurstrong som ikkje kan dekkast av resirkulert materiale. Difor må vi i framtida framleis basera oss på å henta mesteparten av råstoffa frå berg og lausmassar.

Nokre metall og mineral har ekstra stor betydning for gjennomføring av det grønne skiftet. Det gjeld stoff som er absolutt uunnværlege i klima- og miljøvennleg energiproduksjon, mineral som vert brukte direkte i miljøsamanheng, og stoff som sikrar effektiv produksjon av teknologi med eit minimum av inngrep og forbruk. Vi kallar dei "grøne mineral". Her er nokre av dei:

Kopar

- Ein elektrisk bil treng 3 gonger så mykje kopar som ein tilsvarande konvensjonell bil - omlag 80 kg.

- Det trengs 3600 tonn med kopar for å byggja ein vindpark på 1000 MW, dette tilsvrarar ein heil fotballbane dekt med ei fem cm tjukk plate av kopar.

Etterspørselet etter kopar er aukande. Kopar kan brukast til mangt, men 75 % av koparen som vert utvunne vert brukt til transport av straum. Alt som skal elektrifiserast treng kopar, og kopar er eit helt uunnværleg metall i det grøne skiftet. Trongen vil truleg dobla seg dei neste 20 åra. Norge har vore ein svært viktig koparprodusent gjennom historia.

Sjeldne jordartsmetall

Sjeldne jordartsmetall (Rare Earth Elements, REE) er eit samlenamn som vert nytta om 16 grunnstoff som har heilt unike eigenskapar i samanheng med moderne teknologi. Grunnstoffa opptrer ofte sammen som "sjeldne jordartsmineral" og det krevst svært avanserte prosessar å skilja metalla ut frå kvarandre. Dei ulike metalla vert brukt til mykje, men spesielt batteri, elektriske motorar, vindturbinar, katalysatorar, skjermteknologi og energivennlege LED-lys er viktige bruksområde, sjå nedanfor om mobiltelefonar.

Litium

Litium er det lettaste metallet som finst. Litium vert brukt i mange samanhengar, men det meste endar opp i enten keramiske produkt eller i batteri. På grunn av den aukande elektrifiseringa av transportsektoren og veksten i forbrukarteknologi, er etterspurnaden etter litium aukande. Ein liten elbil som Nissan Leaf har eit batteri som inneheld 4 kg lithium, mens batteriet på ein Tesla er mykje større og treng vesentleg meir. I Norge finst det ikkje kjende førekommstar av lithium i dag, men eit norsk selskap, Nordic

Mining, har eigarinteresser i eit selskap som held på å utvikla ein lithiumførekomst i Finland.

Kvarts og andre solcelleråstoff

Ekstremt rein kvarts er eit naudsynt råstoff for mellom anna solcelleprodusentar og halvleiarindustri. I Norge produserer selskapet Quartz Corp AS ultra-rein kvarts i deira anlegg i Drag, sør for Narvik. I tillegg til kvarts krev solcelleproduksjon ei heil rekke grunnstoff med spesielle eigenskapar, som bidreg til at solcellene blir effektive og økonomiske å produsera. Fleire av grunnstoffa, som til dømes indium, er ikkje kjent frå egine førekommstar, men er biprodukt frå annan gruveindustri.

Kva inneheld mobiltelefonen din?

I ein mobiltelefon er det opp til 40 ulike metall, nokre av dei sjeldne jordmetall. Kobolt, grafitt og litium trengs i batteriet. Gull, kopar, sølv, wolfram, tantal og tinn finst i kretskortet. Sjølve prosessoren er laga av silikon, tilsett fosfor, antimon, arsen, bor, indium og gallium. Mobilskjermen er hovusakleg av silikon, men med eit tynt lag av tinn, kalium og det sjeldne metallet indium, som sørger for at mobilen har berøringsskjerm. Lyd og vibrasjon frå mobilen er laga ved hjelp av neodyn, praseodyn og dysprosium. Omslagsramma er laga av aluminium eller plast.

Ein typisk mobiltelefon innhold til dømes ca 0,02 gram gull. Viss alt gull i alle iPhoneane selde i 2013 skulle bli tatt ut av ei einskild gullgruve, ville dette gjeve eit hol tilsvarende ein 6 kilometer lang biltunnel. Dette dømet fortel litt om kor mykje råstoff som går med til å lage dei produkta vi omgir oss med. Det seier seg sjølv at slikt forbruk ikkje kan vera berekraftig på sikt.

Verken gull eller dei fleste andre mineralske råstoffa forsvinn etter bruk; dei er framleis til stades og kan gjenvinnast. Produkt med kort levetid, slik som mobiltelefonar, kan raskt setjast inn i ein sirkulær økonomi, medan bygningar og annan infrastruktur tek lengre tid. Befolkningsveksten utset den sirkulære økonomien, sidan etterspurnaden etter nye produkt er langt større enn tilgjengelege lager for resirkulering.

Kjelde: NGU



Lyst til å vere med i ei bibelgruppe?



Om du ønsker å vera med i ei bibelgruppe, eller kjenner nokon som du trur kan ha glede av det, så er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt med oss for meir informasjon.

Kontaktinfo:

Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar:
as257@kyrkja.no og tlf. 41 70 49 58
Hans-Christian Küspert, sokneprest på
Voss: hk782@kyrkja.no og tlf. 95 45 05 72

 <p>VOSS SPAREBANK - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00</p>	 <p>MYRK DALEN myrkdalen.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor</p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p>MIA GÄVER</p>  <p>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</p>	<p>Me ordnar alt vedrørande dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAFFERD  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no</p>	 <p>AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
 <p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi -rein vossakraft!</p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p>UINJO</p>	 <p>KIWI pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p>STEIN & MERKE</p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</p> <p>VIRKE GRAFFERD</p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p>Stort utvalg i blomster og gravminne!</p> <p>KYRKJVEGEN 1 FREKAUG: AVD. VAKSDAL: 5911 Alversund Havnevegen 31, Tlf. 56 99 25 70 5918 Frekhaug</p> <p>Me går saman med deg hele vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf 56513196</p>	<p>Voss Bokhandel</p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p>Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p></p>	<p>Di annonse her? Ta kontakt med redaktøren på e-post rk858@kyrkja.no</p>	 <p>vått & vilt Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>
 <p>VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS</p>	<p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p>	<p>Anleggsgartnar og treplieiar</p>  <p>GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no</p>
 <p>HMV Maskin EIK SENTERET</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 9130 hmvgruppa.no Verkstad og delleager</p>	

Kyrkjelege handlingar

DØYSTE

Oppheim sokn:

02.04	Alma Årmot
09.04	Ylva Nilsen Vinje

Vinje sokn:

26.03	Sanna Gullbrå Gjerald
-------	-----------------------

Voss sokn:

11.12	Thea Dyvik Jordalen.
29.12	Ylva Erdal
19.03	Karoline Kolskår Øyeflaten
19.03	Ingrid Kyte
19.03	Håvard Kyte

19.03

02.04

02.04

02.04

09.04

10.04

10.04

16.04

16.04

16.04

16.04

Magnus Godø

Hedda Skjerven

Johan Sulen Pettersen

Hedda Skjerven

Linnea Kvåle

Amalie Hatlevik Øvsthus

Isaac James Silvester

Arn Skorve Kindem

Klara Adhira Almenningen

Vetle Simonsen Gjerme

Mari Bystøl

Lilly Gjerme Rode

Isabell Lemme Årskaug

DØDE

Granvin sokn:

29.03	Sevrin Kjerland, f. 1927
-------	--------------------------

03.03

13.03

Olav Berge, f. 1929

Magne Arefjord, f. 1941

Signe Skjerve, f. 1927

Jenny Tøn, f. 1930

Brita Graue, f. 1930

Olaug Beate Honve, f. 1932

Bjørn Flisram, f. 1964

Alf Handegård, f. 1923

Agnar Vaksdal, f. 1942

Lars Dale, f. 1931

Randi Ystaas Utne, f. 1941

Knut Skjerven, f. 1933

Anne Istad, f. 1967

Arthur Fasteland, f. 1930

Lars Herheim, f. 1942

Oppheim sokn:

27.03	Odd Malvin Opheim, f. 1955
-------	----------------------------

20.03

26.03

28.03

Magne Arefjord, f. 1941

Signe Skjerve, f. 1927

Jenny Tøn, f. 1930

Brita Graue, f. 1930

Olaug Beate Honve, f. 1932

Bjørn Flisram, f. 1964

Alf Handegård, f. 1923

Agnar Vaksdal, f. 1942

Lars Dale, f. 1931

Randi Ystaas Utne, f. 1941

Knut Skjerven, f. 1933

Anne Istad, f. 1967

Arthur Fasteland, f. 1930

Lars Herheim, f. 1942

Vinje sokn:

12.03	Marie Kvarme, f. 1931
-------	-----------------------

29.03

01.04

05.04

09.04

Magne Arefjord, f. 1941

Signe Skjerve, f. 1927

Jenny Tøn, f. 1930

Brita Graue, f. 1930

Olaug Beate Honve, f. 1932

Bjørn Flisram, f. 1964

Alf Handegård, f. 1923

Agnar Vaksdal, f. 1942

Lars Dale, f. 1931

Randi Ystaas Utne, f. 1941

Knut Skjerven, f. 1933

Anne Istad, f. 1967

Arthur Fasteland, f. 1930

Lars Herheim, f. 1942

Voss sokn:

11.03	Glorija Andrekute og Reuben Mathias Trå
-------	---

VIGDE

Voss sokn:

11.03	Glorija Andrekute og Reuben Mathias Trå
-------	---

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- Dåppssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen**. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle velkomne til dåp hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå nettsida vår www.voss.kyrkja.no/dap



INFORMASJON
Kyrkjenytt for Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

17.05 kl 10.30 17. mai-gudsteneste med nattverd. Hellesøy.
11.06 kl 15.00 Gudsteneste og basar. Kvamsøe.

Evanger kyrkje:

17.05 kl 12.30 17. mai-gudsteneste med nattverd. Hellesøy.
20.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

Granvin kyrkje:

14.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Arvidsson og Bergo.
17.05 kl 11.00 17. mai-gudsteneste. Arvidsson.
28.05 kl 11.00 Friluftsgudsteneste i **Mælandshagane**.
Arvidsson.
04.06 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Arvidsson.

Oppheim kyrkje:

14.05 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Sandvik.
17.05 kl 12.00 117. mai-gudsteneste. Sandvik.
21.05 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Hellesøy.
27.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Sandvik.
04.06 kl 11.00 Gudsteneste med dåp. Sandvik.
18.06 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Sandvik.

Raundalskyrkja:

13.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Sandvik og Skjedal.
17.05 kl 13.00 17. mai-gudsteneste. Küspert.

Vangskyrkja:

14.05 kl. 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Küspert og Skjedal.
14.05 kl. 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Küspert og Skjedal.
17.05 kl. 11.00 17. mai-gudsteneste. Küspert.
21.05 kl. 11.00 Vossakyrkjemesse med nattverd. Küspert.
Festgudsteneste der vi feirar kyrkja vår.
28.05 kl. 11.00 Pinsedagsgudsteneste med dåp. Hellesøy.
04.06 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Küspert.
11.06 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp. Küspert.
18.06 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd. Küspert.
25.06 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.

Vinje kyrkje:

17.05 kl 09.45 17. mai-gudsteneste. Sandvik.
18.05 kl 19.30 Ung Messe. Gudsteneste med konfirmantar.
28.05 kl 11.00 Pinsedagsgudsteneste med nattverd. Sandvik.
11.06 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd. Sandvik.

Kyrkja på Voss er på
Facebook. Følg oss!!



Skann meg!
Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

Aktivitetskalender

Ope kyrkje i Vangskyrkja kvar måndag kl 18.

Det er IKKJE ope kyrkje 29. mai.

Seniortreff i Vonheim:

9. mai kl 12.00 -14.30. Blomegleider i bilder med Hæge Graudo.

Misjon og mosjon/Misjon og motivasjon:

10.05 kl 17:30
Sjå meir informasjon i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Supertysdag i Vonheim:

23.05 kl 16.

T-dagar:

24. mai: T14, Konfirmasjonsførebuing. For Voss, Raundalen og Evanger sokn. I Vangskyrkja.
3. juni: T9, På sporet av Heilag Olav for Voss og Raundalen sokn. Ved Kyrkjetunet.
10. juni: T9, På sporet av Heilag Olav for Vinje og Oppheim sokn. Pilegrimstur mellom Oppheim kyrkje og Vinje.
13. juni: T8/T9, På sporet av Heilag Olav for Evanger sokn. I og utanfor Evanger kyrkje.